

---

Saksnr: 2020/44284-13  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Timeforbruk - Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 25 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta inntil 221 timar for arbeidet knytt til gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til førespurnad frå Deloitte AS om å få godkjend ein auke i timetalet til gjennomføring av arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjever

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Førespurnad om utvida timeramme for risiko- og vesentleganalyse og planarbeid

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 04/20 i møte 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggast fram for fylkestinget 29.09.2020.*

I den godkjende prosjektplanen ligg det også inne arbeid med å lage plan for eigarskapskontroll og det er det totalt godkjend 196 timar for begge planane til saman.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-3.

### Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 17.09.2020 signaliserte Deloitte munnleg at det var sannsynleg at det ville bli trong for ein auke i timeramma på dette arbeidet. På bakgrunn av dette har vi motteke vedlagte brev dagsett 30.09.2020, der dei gjer greie for kvifor dei meiner det har vore naudsynt med ein auke i timetalet. Slik situasjonen har vore hittil i år med m.a. Covid-19 pandemien, har sekretariatet forståing for argumenta Deloitte har framført i brevet. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet godkjenner ein auke på 25 timar, slik at den totale ramma etter dette vil verta inntil 221 timar.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 25 timar, slik at den totale ramma etter dette vil verta inntil 221 timar for arbeidet knytt til gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune.